

Fra: Jan Arthur Nilssen (jan.arthur@liegruppen.no)

Sendt: 12.09.2018 11:48:27

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: ATT: Fylkesutvalet. Innspel til sak i Fylkesutvalet - Nye Sotra VGS - tomteval

Vedlegg: image001.png;Introduksjon til tomt 41 - Bildetangen.pdf

Hei.

Ber om at denne e-posten vert vidaresendt Fylkesutvalet sitt sekretariat.

E-post er sendt til dei faste medlemmane i Fylkesutvalet. Ber om at eventuelle varamedlemmer som vert innkalt til møte 19. og 20. september, får kopi av denne e-posten.

Fylkesutvalet skal i møte 19. og 20. september handsame sak om «Nye Sotra vgs – tomteval». I dette høve ønskjer Liegruppen, som tilbyder av tomt 41 – Bildetangen, å kome med innspel.

Utval for Opplæring og Helse har i si innstilling til Fylkesutvalet, føreslått at Fylkesrådmannen får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt 45 – Stovevatnet.

Eit slikt vedtak vil i realiteten bety enda ei utsetjing av ein ny vidaregåande skule på Sotra.

Fylkestinget vedtok opphøveleg å at ein ny vgs skulle ferdigstillast i 2024. I samband med sak PS22/2017 «Fagskulen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg», vart nye Sotra vgs i revidert investeringsplan utsett til 2025.

Tomta det vert innstilt på, Tomt 45 – Stovevatnet, er ei tomt som skal etablerast på dei framtidige fyllmassane frå nytt Sotrasamband.

Første byggetrinn tar for seg 4-felts hovudveg, som er estimert ferdigstilt 2024/2025. Andre byggetrinn tar for seg lokalvegane, med estimert ferdigstilling 2026/2027.

Kjelde: <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/sotrabergeren/Nyhetsarkiv/presentasjon-fra-folkemote>

I vurderinga vi har fått frå Statens Vegvesen (e-post frå Statens Vegvesen den 8. september) kjem det fram at det ikkje er satt noko dato for når Stovevatnet kan vera klar til å utføra byggearbeider på. Dette vil først kunne bli klart etter ein framdriftsplan er utarbeidd av framtidig valt OPS-selskap. Fram mot 2020 skal det gjerast prekvalifisering, dialog og forhandlingar med tilbydarar på OPS-arbeidet.

Ein reell framdriftsplan, vil altså ikkje vera klar før OPS-selskap er valt. Fram til det vil det vera heilt uvisst kva tid Stovevatnet kan vera klart.

Det som derimot kjem fram av Vegvesenet si vurdering, er at det vil vera behov for riggområde på Straume til andre byggetrinn er ferdig – altså 2026/2027. I teorien kan deler av området som skal fyllast igjen på Stovevatnet overtakast før det, men opparbeidinga av området må da utførast av andre enn Statens Vegvesen.

Fyllinga på Stovevatnet må opparbeidast før den kan verta byggjeklar for ein ny vgs. Sjølv med dei mest optimistiske framdriftsplanane, verker det ikkje realistisk å starte bygging av ein ny vgs før tidlegast 2026/2027. Deretter må ein forventa kring to år med byggearbeider. Det er då sannsynleg at ein ny vgs kan verta ferdigstilt kring 2029.

Vårt budskap er at med å utelukkande gå vidare i forhandling om tomt 45 – Stovevatnet, ikkje berre går for eit dyrare alternativ, men at ein også går for eit vedtak som i realiteten vil medføre ei utsetjing som er langt større enn Fylkestinget hadde føresett.

Fylkesutvalet vert oppmoda om å følgje opp vedtaket til Fellesnemnda for Nye Øygarden Kommune, og gå vidare i forhandling om begge tomtene – både tomt 41 Bildetangen og tomt 45 Stovevatnet. Slik unngår Fylkestinget å gjera eit vedtak som kjem i direkte konflikt med Fellesnemnda sitt ønskje, om at framdrifta ikkje skal verte påverka.

Ved å gjere eit slikt vedtak, unngår Fylkestinget å sitje igjen med ei tomt som kan vise seg å utsetje ein ny vgs ytterlegare. Tomt 41 – Bildetangen, er ikkje berre den rimelegaste løysinga, men vil elles oppfylle alle dei naudsynte krav og kvalitetar som er definert, samt liggje sentralt plassert i den vedtekne byutviklinga av Sotra Kystby.

Vedlagt i denne e-posten finn du ein kort introduksjon til tomt 41 – Bildetangen.

Med vennlig hilsen / Best regards

Jan Arthur Nilssen



Mobile: +47 95 88 60 87

E-mail: jan.arthur@liegruppen.no

Grønamyrvegen 2

5355 Straume

Norway

www.liegruppen.no

www.bildetangen.no